



Tidlegare ambassadør, Ingvar Havnen, vert talar på haustfesten i Uskedal ungdomslag 19. oktober.

Tidlegare ambassadør Ingvar Havnen frå Rosendal har takka ja til å vera talar på haustfesten i Uskedal ungdomslag laurdag 19. oktober. Det er den femte haustfesten etter at ein gjenskapte det som var ein fast tradisjon i ungdomslaget i alle år. Ingvar Havnen, fødd 1951, vaks opp og gjekk på skule i Rosendal til ferdig realskule. Etter gymnaset bar det til Oslo som student.

Mange kjenner Ingvar Havnen frå idretten, både som aktiv A lagsspelar på Rosendal og som skøytekommentator i NRK. Han har hovudfag i statsvitenskap og var nokre år journalist i Arbeidernes Pressekontor og i Mannskapsavisa før han kom til NRK fjernsynet og NRK radio.

I tillegg til å jobba i utanrikstenesta (UD) var han i 20 år skøytekommentator og melde frå om rundetider og rekna poeng. Havnen hadde ei god og klår radorøyst på nynorsk.

Etter å ha vore visekonsul i New York og fyrstekonsulent i UD, vart han utpeika til ambassadør i Canada og seinare i Danmark.

Mange minnest Ingvar Havnen frå internasjonalt fredsarbeid i Midt Austen og på Balkan, mannen med veska nokre steg bak utanriksministeren. Ei tid var han ekspedisjonssjef for internasjonalt arbeid ved Statsministeren sitt kontor.

Havnen var ein sentral person i førebuinga og gjennomføringa av Dronningbesøket i Rosendal for nokre år sidan.

Det meste av programmet til haustfesten er på plass. Dansebandet TRINITY er tinga. Billettane vil vera i sal frå 1. september.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto og kjelde: Morten Nygård - Grenda